

- 1. Tur til Nærøyfjorden**
- 2. Kurset for treningskontaktar**
- 3. Organisering av elvepadlarane**
- 4. Private kajakkar i naustet**
- 5. Haustmøte?**

Tur til Nærøyfjorden

Det blir tur, folkens, men det er få som har meldt seg så langt (???????????)

Så sjølv om Nærøyfjorden er trøng, så er det altså plass til fleire.
Veldig lett tur som passar for alle som er på grunnkurs-nivå.

2-dagars tur, laurdag til søndag.

KONTAKT PRISCILLA
FOR
INFO OG
PÅMELDING
Tlf: 91 59 54 69

Kurset for treningskontaktar

Det er svært stor interesse for treningskontakt-kurset som blir arrangert av idrettskrinsen og psykiatrisk klinikk.
Kurset skal vere svært bra.

Så kan du tenke deg å gjere ein innsats for folk som treng nokon å trenere med, er det verdt å vere om seg, for det er ikkje så mange plassane att.

Les om kurset i vedlegget.

Der finn du også kontaktpersonar for kurset.



40907-treningsko
ta kt-brosjyr...

Organisering av elvepadlarane

Interessa for elvepadling er sterkt aukande i klubben. Det er vel på tide å få til ei organisering av dei som ynskjer å ha kontakt med dei andre elve-folka.

Så er du ein av dei som vil drive med elv, og vil vere med i elvegruppa,
send meg ein mail eller ei tekstmelding om at du vil vere med i ELVEGRUPPA.
Elvegruppa blir og å finne på Heimesida under "Gruppeoversikt".
Hugs passordet: skkm-04

Private kajakkar i naustet

Vi har blitt nesten 80 medlemmar i klubben, folkens !!!! Over 30 nye i løpet av sommaren - kvar skal dette ende ?

Og no er det nesten fullt i naustet.

SÅ AD. LAGRING AV KAJAKK I NAUSTET:

Har du eller ynskjer du å lagre kajakken din i naustet?

Eg har mista oversikt med kven som ynskjer plass. Så har du og/eller ynskjer å ha kajakken din i naustet: Gi meg tilbakemelding om det, SNARAST!!

Lagring kostar kr. 200,- for 2004. Neste år blir det forslag om kr. 200,- pr. halvår.

Haustmøte?

Skal vi ha eit medlemsmøte snart, då?

Hadde vore kjekt med ein samankomst. Kanskje vi kunne ha framsyning av litt bilder frå padling i sommar.

Kva med eit aktuelt tema vi kunne ta opp.

Har du noko ynskje eller forslag?

DET VAR ALT.

TAKK FOR DENNE GONG...

Helsing Rune (leiar i skk)